


HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Regional planstrategi 2016–2020

Utfordringar for Hordaland



Innhold

Innhold	2
Innleiing	3
1. Klimaendringar og miljø	3
1.1 Klimaomsyn premiss for all samfunnsutvikling	3
1.2 Fornybar energi	3
1.3 Meir miljøvenleg transportsektor	3
1.4 Omstilling til eit meir berekraftig næringsliv	4
1.5 Relevant kompetanse	4
1.6 Press på arealressursane	5
2. Eit meir inkluderande samfunn	5
2.1 Eit integrerande fellesskap	6
2.2 Gode oppvekstkår	6
2.3 Alle i arbeid	6
2.4 Ei fleirkulturell framtid	6
2.5 Gode bustadmiljø og møteplassar i attraktive senter	6
3. Regional struktur i endring	7
3.1 Strukturar under press	7
3.2 Digitalisering	7
3.3 Ein sterk vestlandsregion	7

Innleiing

Hordaland fylkeskommune skal utarbeida ein regional planstrategi for 2016-2020. Strategien skal byggje på ei framstilling av utviklingstrekk i fylket og ei vurdering av kva muligheiter og utfordringar fylket står framfor. Utviklingstrekk er samla i ein rapporten Utviklingstrekk i Hordaland – kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi.

I dette dokumentet er det gjort ei oppsummering av kva utfordringar og muligheiter ein ser for seg dei næraste åra. Rapporten byggjer på kunnskap og erfaringar frå ei heil rekkje medverknadsprosessar og innspel med bruk av fagkompetanse internt i fylkeskommunen og eksternt i ulike etatar, verksemder og organisasjonar. Det er også tatt omsyn til kunnskap som er framkome i samband med Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt. Føringer gitt i nasjonale forventingar til regional planlegging er vektlagt, likeeins strategiarbeidet i Hordaland fylkeskommune. Samrådsgruppa for regional planstrategi har også gitt innspel til framstillinga i dokumentet.

Dokumentet vil bli nytta i dei vidare prosessane med å utforme ny regional planstrategi. Den vil også bli formidla til kommunar og andre eksterne etatar som har interesse av dette planarbeidet. Føremålet er å bli meir samstemte om kva utfordringar fylket står framfor og korleis ein kan arbeida for å møte desse utfordringane på best mogeleg måte.

1. Klimaendringar og miljø

1.1 Klimaomsyn premiss for all samfunnsutvikling

Klimaet er i endring og dette vil få svært alvorlege følgjer både for naturmiljø, folk og samfunn over heile verda. Hordaland vert også råka av eit varmare og våtare klima med ekstremver. Ambisjonsnivået for å redusera klimapåverknaden er aukande. På klimatoppmøtet i Paris i desember 2015 vedtok alle verdas nasjonar ein ny klimaavtale, med mål om å avgrensa global oppvarming til godt under 2 grader, helst 1,5 grader. Avtalen gjer det klart at det hastar med mykje sterkare satsing på effektive klimatiltak.

Hordaland har størst utslipp av klimagassar av alle fylka. Transportsektoren og industri er dei største kjeldene til utslipp. Halvparten av norske klimagassutslipp skjer på område der kommunal sektor har verkemiddel. Resten av utslippa kjem frå kvotepliktig sektor der Hordaland er dominert av punktutslipp frå sju industriverksemder med Statoil-Mongstad-raffineriet som landets største. En sentrale utfordringa er å ta klimaomsyn i all samfunns- og arealplanlegging.

1.2 Fornybar energi

Fylket sin unike posisjon når det gjeld fornybar og forureiningsfri energiforsyning er eit vesentleg fortrinn i arbeidet for å meistre overgangen til fossilfri energiforsyning. Vasskraft og ei betre utnytting av vasskraftressursane vil gje Hordaland langsiktige føremoner i ei tid med restriksjonar på bruk av fossile energikjelder. Elektrifisering av nye område med ny teknologi, effektivisering av eksisterande område som den kraftkrevjande industrien og eksport av rein energi er område som har klare muligheter for utvikling.

1.3 Meir miljøvenleg transportsektor

Transportsektoren er ein stor bidragsytar til lokal luftforureining og klimagassutslipp i Hordaland, legg beslag på store areal, inneber store kostnader både økonomisk og for liv og helse. Utfordringa er å samordna areal- og transportplanlegginga slik at ein på lang sikt kan oppnå reinare luft og reduserte klimagassutslipp. I særleg grad vil slik samordna planlegging og virkemiddelbruk gjelde for kommunane i Bergensområdet. Eit utbyggingsmønster med fortetting langs kollektivtransportrasear vil vera eit hovudprinsipp. Dette fremjar både kollektivtransport og helsefremjande gang- og sykkeltransport.

Bruk av Intelligente transportsystem (ITS) og meir miljøvenleg transportteknologi vil også vere viktige verktøy for å redusere lokal luftforureining og klimagassutslipp frå transportsektoren. Elektrifisering av Bergen hamn, ny bussteknologi og modernisering av ferjeflåten vil vere døme på dette.

Klimaendringar med meir ekstremvær vil medføre auka risiko for flaum- og rasfare på jernbane og vegnettet i fylket. Dette vil gje nye utfordringar for vedlikehaldstiltak og rassikring både langs riks- og fylkesvegnettet og Bergsbana.

1.4 Omstilling til eit meir berekraftig næringsliv

Hordaland har sterke næringsklynger innan næringer som energi, maritim og marin. Mediaklynga, helseklynga og reislivsklynga er døme på andre næringsklynger som det blir satsa på i Hordaland. Energiklynga er likevel den klart største av dei både målt i omset-

nad, verdiskaping og tal tilsette. Ein tredel av produksjonen i Hordaland og kvar femte arbeidsplass i fylket var knytt til olje- og gassklynga i 2012. Ringverkknadane over i andre næringer er vesentlege. Med den kraftige nedgangen i oljeprisen det siste halvanna året og lågare aktivitet i petroleumsnæringa har sårbarheita i næringslivet blitt tydelegare, særleg gjeld dette i kystområda i Hordaland. Både offentleg og privat økonomi i Hordaland vil bli sterkt påverka, men i ulik grad mellom kommunane.

Nedgangen har ført til omfattande nedbemanningar, permiteringar og reduserte investeringar i den delen av næringslivet som er retta mot olje- og gassbransjen. I løpet av planperioden fram til 2020 er det forventat at 100.000 til 200.000 årsverk på landsbasisfor-svinn. SSB reknar med at oljeprisen vil vera relativt låg i lang tid framover og at investeringsvolumet vert redusert med ein tredel frå 2013 til 2018. Arbeidsløysa er venta å koma opp i 4,8 prosent som årsgjennomsnitt i 2016. Etter ei forbigåande svak betring i 2017, fortset arbeidsløysa å auka til 6 prosent i 2022. På lengre sikt er det knytt usikkerheit til kva rolle alternative energikjelder kjem til å spela for denne utviklinga.

Utfordringane for næringslivet i Hordaland i planperioden vil krevja eit godt samarbeid mellom arbeidsgivarar- og arbeidstakarorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar, NAV, Innovasjon Norge, kommunar og fylkeskommunen. Dette vil letta overgangen frå oljerelatert kompetanse til kompetanse som det er etterspørsel etter i andre sektorar og bransjar, inkludert offentleg sektor. Utfordringa må vera å sikre at verdifull kompetanse ikkje flyttar ut av dei sterkast ramma regionane og stimulera til meir innovasjon i næringslivet. Kompetanse- og erfaringsoverføring mellom ulike bransjar kan også gje grunnlag for ny og framtidig teknologiutvikling som er meir miljøvenleg.



Eit variert næringsliv med fleire bein å stå på – er gunstig for heile samfunnet. Det er trong for kunnskap om kva som vil vera framtidige vekstnæringar og eventuelt nye næringar i lys av internasjonale utviklingstrekk.

Eit framtidretta næringsliv tek omsyn til miljøutfordringane. Eit grønarer berekraftig næringsliv må baserast på meir fornybare ressursar, mindre miljøpåverknad og stabile stadbundne ressursar, naturressursar så vel som menneskelege. Miljøkrav kan fremja innovasjon og utvikling i rett retning. Satsing på bioøkonomi, produksjon og foredling av biologisk fornybare ressursar, kan vera aktuelt.

Hordaland er eit sterkt forskingsfylke med mange og gode forskingsmiljø. Det er utstrakt samarbeid med næringslivet og offentleg sektor, men det er behov for å mobilisere til auka forskingsinnsats i offentleg og privat sektor som støttar opp under innovasjon og verdiskaping. Samstundes er det ei utfordring at forskingsaktiviteten i privat sektor er relativt låg samanlikna med andre fylke. I tida framover vil det vere viktig å stimulera til auka forskingsinnsats i privat sektor og leggje til rette for at den forskingsbaserte kunnskapen blir omsett til varer og tenester som kan kommersialiserast. Dette vil kunne generere nye bedrifter og nye kompetansearbeidsplassar. Utfordringa ligg i å bygge infrastruktur for innovasjon som kan sikre verdikjeda frå tanke til marknad i eit europeisk og globalt perspektiv.

1.5

Relevant kompetanse

For å møte utfordringane i privat og offentleg sektor er kompetanse eit nøkkelord. Hordalands befolkning har eit godt utgangspunkt i eit generelt høgt utdanningsnivå. I fylket er det eit breitt tilbod om vidaregåande og høgare utdanning. Relevant kunnskap og kompetanse vil ikkje berre vera ein innsatsfaktor, men ein vare som kan vera eit levebrød innafor ein kunnskapsøkonomi.

Det er utfordringar knytt til å få eit godt samsvar mellom den kompetansen samfunnet til ei kvar tid har trong for og

befolkningens utdanning og kompetanse. Denne utfordringa peikar mot korleis ein kan få eit betre samspel mellom arbeidslivet og utdanningssystemet på vidaregåande og høgare nivå og auka mogelegheitene for vidareutdanning og etterutdanning. Samspel mellom vidaregåande opplæring og lærlingeordninga treng å styrkast for å sikre meir føreseieleg utdanningsløp og at det er betre samsvar mellom opplæring i skulen og trongen for læreplassar. Auka kvalitet i utdanninga er viktig for å auke befolkninga si evne til å meistre raske endringar og omstillingsbehov.

Ein effektiv offentleg sektor av god kvalitet er ein føresetnad for ei berekraftig utvikling. Offentleg sektor vil vera avhengig av eit høgt kunnskapsnivå med robuste einingar der ein både har breidde- og djupnekunnskap. Ressursbehovet innan omsorgssektoren vil auka grunna fleire av dei eldste eldre, auka krav frå befolkninga og økonomiske utfordringar. Korleis ein kan utvikle og ta i bruk ny teknologi innan dette feltet for å kunne gje betre tenester og miljøgevinst er viktige problemstillingar i denne samanheng.

1.6

Press på arealressursane

Hordaland omfattar eit stort areal, men ein stor del er over tregrensa eller så bratt at det ikkje eignar seg som byggeland. Analysar viser også at når ein tek høgde for klimaendringar med større fare for skred, flaum og bølger vil mykje potensielt byggeland ikkje kunne nyttast utan store sikringskostnader. Vekst, sentralisering og god privat økonomi skapar stor etterspørsel etter byggeland til ulike føremål. Utnytting av eksisterande byggesone og eksisterande bygg på ein best mogeleg måte der ein tek omsyn til bustadmiljø, er derfor viktig.

Andelen med dyrka eller dyrkbar jord er liten og gjer fylket sårbart i høve til matforsyning. Strengt jordvern kan skira oss eit langsiktig grunnlag for busetjing. Omdisponeringstakten har gått ned dei siste åra. Samstundes aukar interessa for kortreis mat og unike gardsprodukt. Mattradisjon er kome inn som eit satsingsområde knytt til UNESCO-program.

I framtida vil sjø og kystline spela ei enda sterkare rolle i matforsyning, også av klima- og miljøomsyn. Hordaland har ei svært langstrakt kystline der potensialet for fiske og akvakultur er stort. Nye artar av algar, skaldyr og fisk, kan i framtida spela ei viktigare rolle. Klimaendringane kan påverke samansetjinga av artar langs kysten av Hordaland. Ei langsiktig forvaltning av dei nære sjøområde kan sikre oss grunnlag for næringsliv i overskodelig framtid. Innovasjon og produktutvikling innan denne næringa og tilhøyrande verksemd vil tena Hordalandssamfunnet i lang tid framover.

Dei unike kvalitetane i natur- og kulturlandskapet skapar attraktive buområde og er grunnlag for naturbasert reiseliv. Særleg har fjordlandskapet interensjonal tiltrekningskraft og Hordaland er ein viktig innfallspurt til UNESCO-akkreditert Vestnorske fjordlandskap. Naturen byr på store mogelegheiter for variert friluftsliv. Utvikling av meir kompetansebasert og miljøvenleg konsept rundt reiseliv og turisme er ei utfordring for næringa.

Biologisk mangfald er stort i fylket, men nokre biotopar og artar er truga av endra arealbruk og oppsplitting av areal. Mangfald er viktig for å tole belastningar frå klimaendringar og miljøpåverknad. God tilstand i økosystema må vera eit mål både på land og i sjø. Nokre av utfordringane i dag er knytt til ansvaret for villreinstamma, laks- og sjøaure i tilbakegang, samt tilbakegang i artar knytt til endringar i landbruksdrifta.

Kulturminne og kulturmiljø er rekna som samfunnet sine felles verdiar. Det er unike og uerstattelege ressursar til kunnskap, oppleving og bruk – for den einskilde og for fellesskapet. Kulturminne skapar grunnlag for lokal samfunnsutvikling og har potensiale for kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Berekraftig forvaltning av landskap og kulturminne, og sikring og formidling av kulturarven, gjer det til ein ressurs for nolevande og framtidige generasjonar i Hordaland. Middelalderbyen Bergen og Bryggen sin UNESCO-status står i ein særklasse. Forvaltninga av verneverdige kulturminne i Hordaland gir utfordringar for planlegging og forvaltning.

2. Eit meir inkluderande samfunn

2.1 Eit integrerande fellesskap

Eit berekraftig samfunn er avhengig av aktive borgarar som deltek på samfunnsarenaer som skule, arbeid, i ulike sosiale nettverk og som kjenner tilhøyrse til lokalsamfunn så vel som stor-samfunn. Å stå i utkanten eller utanfor fellesskapen kan føra til store individuelle og samfunnmessige kostnader. Grad av deltaking er både ein årsak til og ein verknad av sosiale skilnader.

Endringar i dagens samfunn i form av auka arbeidsinnvandring og migrasjon, konjunkturedgang og omstilling i arbeidslivet gjer at risikoen for å falla utanfor eller bli ståande utanfor fellesskapen blir større. Frivillig sektor er ein viktig arena for inkludering og bidrar til å byggja opp om demokratiske prosessar i vid forstand. Å stø opp under sivilsamfunnet er ei viktig oppgåve for det offentlege.

2.2 Gode oppvekstkår

Ein god barndom varer livet ut. Det er i dei tidlegaste åra at grunnlaget for framtidig helse og eit godt vaksenliv skapast. Ein av dei viktigaste faktorane for gode oppvekstvilkår er at foreldra er i jobb og har ei akseptabel inntekt, og at dei er i stand til å yte omsorg for borna.

Barnehagar av høg kvalitet er svært viktig for å skape gode og jamne oppvekstvilkår for barn gjennom sosial og språkleg kompetanse. Barn frå familiar med dårleg økonomi og barn med minoritetsspråkleg bakgrunn har særleg stort utbytte. Fylket har tilnærma full barnehagedekning, og dei aller fleste er inno m barnehage. Men fagkompetanse i barnhagane er ulik mellom kommunane og tverrfagleg samhandling organisert i ulik grad.

Grunnskulen er også ein sentral inkluderingsarena. Resultat i grunnskulen påverkar grad av fullføring i vidaregå-

ande skule. Lese- og rekneferdighetene i grunnskulen i Hordaland i 5.klasse er registrert som dårlegare enn resten av landet. Rapportar viser at det er stor variasjon når det gjeld trivsel i barne-skulen og at den er lågare i Hordaland enn elles i landet i 10.klasse. Dette har samanheng med mellom anna sosial bakgrunn og mobbing.

Ei fullført vidaregåande opplæring er nærast ein føresetnad for å delta i arbeidslivet. Derfor er det viktig at så mange som råd fullfører vidaregåande opplæring. Fråfall er fortsatt stort og gjennomføring ikkje tilfredsstillande. Hordaland er ikkje eit unntak, sjølv om fleire fullfører yrkesfag i dette fylket enn i snitt for landet. Utfordringa krev ein samla innsats frå ulike aktørar i samfunnet.

2.3 Alle i arbeid

Å vera i arbeid er kanskje den viktigaste faktoren for tilknytning til samfunnet. Fram til no har Hordaland vore prega av mangel på arbeidskraft med påfølgjande høg arbeidsinnvandring. No aukar arbeidsløysa, mest blant menn på grunn av næringsstrukturen i fylket. Men også gruppa unge har problem med å koma inn i arbeidsmarknaden. Langvarig ungdomsarbeidsløysa er særleg uheldig både for samfunnet og den einskilde. Det er viktig å nytte kompetansen dei nyutdanna har, og å forhindre at unge blir ståande ufrivillig utanfor arbeidslivet og går over på passive ytingar som uføretrygd.

2.4 Ei fleirkulturell framtid

I det fleirkulturelle samfunnet i Hordaland har den europeiske påverknaden tidlegare vore størst. I det siste har innslaget av flyktningar frå Afrika og Midtausten auka. Utfordringa er knytt til å leggje til rette for auka deltaking i utdanningssystemet og arbeidslivet

og på andre samfunnsarenaer. Det blir avgjerande å få til eit samfunn som skapar møteplassar og nettverk på tvers av kulturell bakgrunn og som fremjar felles verdigrunnlag.

2.5 Gode bustadmiljø og møteplassar i attraktive senter

Busetjingsmønsteret er i endring på grunn av stagnasjon i folketallet i distrikta og folketalsauke i byar og sentrale område. Sentraliseringstrenden føregår på alle nivå, i landet, i fylket og i kommunen og skapar press på kvaliteta i vekstområda. Rundt 80% bur no i tettstader i Hordaland.

Eit inkluderande bumiljø har ein variert bustadmasse som skapar vilkår for mangfald i alder, inntekt og hushaldstypar. Einpersonshushaldningar aukar både blant unge og eldre. Eit godt bustadmiljø er kjenneteikna av biluavhengigheit og gode universelt utforma møteplassar. Dette betyr kompakt utbygging i gangavstand frå ein definert sentrumskjerne.

Lokalmiljø bør i størst mogeleg grad vera sjølvforsynt med handel og tenester og gode utemiljø. Bibliotek er til dømes ein god integreringsarena, men alle opne arenaer med tilgjenge for alle er verdifulle for å skapa samhøyre og nettverk mellom menneske. Det kan vera nærbutikken, parken, turstien eller forsamlingshuset. Barnehage og barne-skule er sjølvsgatte element.

Tilknytning og identitet kan også skapast gjennom å ta vare på kulturminne og historia til staden. Kulturminneressursane bidrar til gode lokalmiljø og er viktige fundament for folks sjølvforståing, stadkjensle og trivsel. I ei tid prega av raske omskiftingar vert ei berekraftig forvaltning av kulturminne viktig for å skape ei kjensle av kontinuitet.



3. Regional struktur i endring

3.1

Strukturar under press

Globalisering gjer at landegrensar får mindre å sei og avstandar kortast inn. Internasjonal påverknad og konkurranse får stadig sterkare verknad. For å møte desse utviklingstrekk må fylket vera offensiv ved å delta på internasjonale arenaer, og fanga opp trong for endring, bygge opp kompetanse og legge til rette for å handtere endringane.

3.2

Digitalisering

Auka digitalisering har verknad for heile samfunnet og krev at både innbyggjarar, næringslivet og det offentlege har kompetanse og teknologi som kan utnytte dette. Automatisering, robotisering, 3-D printing, bruk av sosiale media og netthandel er stikkord for utviklinga som også vert kalla Den fjerde industrielle revolusjon. Godt utbygd di-

gital infrastruktur er viktig for regional utvikling. Den digitale marknaden og delingsøkonomien vil utfordre oss på mange felt framover. Presset i retning av større einingar og meir digital kommunikasjon gjer seg alt gjeldande innfor viktige samfunnsområde.

3.3

Ein sterk vestlandsregion

Kommune- og fylkeskommune- struktur og oppgåver er sett på dagsorden nasjonalt. Viktige avgjerder vil bli tatt i 2016 på nasjonalt plan i Storting og regjering. I kommunar i Hordaland og i Hordaland fylkeskommune er spørsmåla oppe på dagsorden ut i frå fleire innfallsvinklar, både avhengig av nasjonale føringar og uavhengig av desse. Strukturutfordringar og reformer i offentleg sektor vil prege dei næraste fire åra.

Det er fleire grunngevingar for å arbeide for større einingar og større fylke eller regionar. Vestlandet har mykje til felles og behovet for lokal og regional samordning er viktig. At statlege etatar har geografiske inndelingar som ikkje samsvarar med dei regionale eller med kvarandre gjer det vanskeleg å få gjennomslag for regionale interesser. Samsvarende forvaltningsinndeling gjer det også enklare å samhandle med offentlege organ.

Nærleiksprinsippet tilseier at fleire oppgåver kan overførast til lågare nivå som har tilstrekkeleg kompetanse.

Større einingar kan ha betre vilkår for både breidde og djupnekompetanse. Grunnlaget for betre tenester tilpassa brukarane kan bli styrka.

Ei aukande bevisstgjerung av kva tyding EØS-avtalen har for Noreg og norske regionar er naudsynt. Regionane i Europa har makt i EU fordi de blir rådført i alle avgjerdsprosesser. Norske fylkeskommunar har ikkje same moglegheit ettersom vi står utanfor EU. Det finst eit handlingsrom for norske fylke, og dette må vi ha kjennskap til og utnytte til det beste for regionen. For norske regionar gjeld det å finne kanalar kor ein kan delta i EU sine politiske prosesser. Norske fylkeskommunar er små i europeisk samanheng, ein Vestlandsregion står sterkare samla. Det finst allereie i dag nettverk gjennom vestlandsfylka sine Brusselkontor og Nordsjøkommissjonen kor alle fire vestlandsfylka er medlem. Desse nettverka kan utnyttast meir strategisk. Deltaking i EU-prosjekt er også ein direkte påverkningskanal som kan utnyttast betre.

Ei anna grunngeving er å styrka demokratiet. Sett frå regionalt nivå vil auka ansvar og verkemiddel utvida det regionale handlingsrommet. Ein samla Vestlandsregion kan stå sterkare i kampen om ressursar særleg i høve til ein stadig sterkare hovudstad.

Hordaland bør styrke dialog og samarbeid med nabofylke i nord og sør. Oppgåvene til fylkeskommunen bør aukast på felt som har stor betydning for regional utvikling. Vestlandsregionen kan vera ein pilot for utprøving av ny regionreform. Ein meir effektiv og kompetent offentleg sektor med god arbeidsdeling mellom forvaltningsnivåa vil stimulere til ei berekraftig utvikling.





Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.